

Firda 17. august 2017

Kreftopererte Else (83) får ikkje meir hjelp

Staten har sett aldersgrensa til 75 år



FOR GAMMAL: ELSE BIRKELAND FEKK BESKJED OM AT HO VAR FOR GAMMAL TIL Å FÅ VIDARE BEHANDLING OG OPPFOLGING ETTER AT HO BLEI KREFTOPERERT FOR TO ÅR SIDAN. GRENSA GJEKK NEMLEG VED 75 ÅR. – EG SYNEST DET ER FEIL Å STEMPLE FOLK EFTER FØDSELSDATO, SEIER 83-ÅRINGEN FRÅ SANDE. FOTO: ASTRID IREN SOLHEIM KORSVOLL FOR GAMMAL: ELSE BIRKELAND FEKK BESKJED OM AT HO VAR FOR GAMMAL TIL Å FÅ VIDARE BEHANDLING OG OPPFOLGING ETTER AT HO BLEI KREFTOPERERT FOR TO ÅR SIDAN. GRENSA GJEKK NEMLEG VED 75 ÅR. – EG SYNEST DET ER FEIL Å STEMPLE FOLK EFTER FØDSELSDATO, SEIER 83-ÅRINGEN FRÅ SANDE. FOTO: ASTRID IREN SOLHEIM KORSVOLL

GAULAR: Else Birkeland får ingen behandling eller oppfølging. Årsak: Staten meiner ho er for gammal.

Av Astrid Iren Solheim Korsvoll

Det var våren 2015 Else Birkeland frå Sande kjente kulen for første gong. Ho fekk den sjekka og det viste seg atkulen som låg i tjukktarmen og var på storleik med ein tennisball, var ein vondarta svulst.

For gammal til meir hjelp

Under operasjonen 12. mai same vår, syntet det seg at kreften hadde spreidd seg til lymfeknutar i kroppen.

Då Birkeland fekk vite at det var spreiling, tok ho det for gitt at ho ville få vidare behandling og oppfølging, slik at ein var sikker på all kreft var borte, og at det ikkje var meir spreiling enn kva som blei oppdaga under operasjonen.

– Det blir vel cellegift då, sa eg til legen. Men svaret eg fekk var at eg hadde passert 75 år, og då var det nasjonale bestemmingar om at pasienten ikkje får behandling og vidare oppfølging.

Birkeland blei skaka.

– Det verste med alt var å få denne beskjeden.

Ho stilte spørsmålsteikn ved om det ikkje blei teke omsyn til om pasienten er sprek eller sterkt svekka.

– Men svaret var at grensa var sett til 75 år, og då var eg for gammal.

Uvissa er verst

Vi møter den spreke pensjonisten i heimen på Sande. Her stiller ho mellom anna med heimelaga moltesyltetøy. Bæra har ho hausta frå ein av dei mange fjellturane sine. I fjar haust var ho med på sauesanking heime på garden på Birkeland, som nevøen driv. Ho har også i mange år vore aktiv i eldrerådet og i pensjonistlaget i kommunen.

– Det er viktig å halde seg i funksjon, og eg takkar for kvar gode dag eg har, smiler den positive kvinnen, som ikkje er den som klagar.

Men å ikkje vite om kreften har spreidd seg, eit svar som ein sjukehus-oppfølging kunne gitt, er ikkje like lett å leve med.

– Uvissa er det verste med det heile.

Ikkje rett at dato avgjer

Om ho hadde fått valet om å få cellegift for to år sidan, ville ho vurdert saka.

– Mykje ville ha spelt inn i valet, for cellegift er tøft for kroppen. Men at ein ikkje får ta dette valet på grunn av ein fødselsdato, synest eg ikkje er rett.

Når 83-åringen no fortel historia si i Firda, sit det langt inne.

– Eg har ikkje noko stort behov for å fronte meg sjølv, eller henge ut nokon, men det er systemet eg vil seie noko om. Er det rett å stemple menneske etter fødselsdato?

Birkeland skreiv brev til Helse- og omsorgsdepartementet for to år sidan med kopi til fylkeslegen. Her skriv ho mellom anna at ho synest det er skremmande at det frå helsemyndighetene er sett ei grense på 75 år for godt fungerande pasientar som er så uheldige å få ein kreftdiagnose»

Ho argumentere vidare for at ho sjølv er aktiv, og at ho sommar og haust gjerne legg bak seg 8–10 timars fjellturar, opptil 2–3 gonger i veka. Legen hennar meiner ho har minst ti år med god livskvalitet.

– Eldre behandla därleg

Men svaret frå departementet var ikkje så oppløftande:

– Der står det svart på kvitt at dette er nasjonale bestemmingar og at ein unntaksvis kan strekke seg til pasienten er 80 år. Det var ingen god forklaring på kvifor det er slik.

Ho meiner aldersgrensa også illustrerer eit teikn i tida:

– Det verkar som at synet på dei eldre blir verre og verre. I nyheitene her om dagen var det ein som meinte at dei eldre fekk for mykje i pensjon og at det var dei yngre som trøng dei ekstra kronene. Men desse pensjonspengane har vi verkeleg jobba for.

Birkeland får mange reaksjonar frå dei som kjenner til sjukdomshistoria hennar:

– Folk trur knapt det er sant at systemet er slik. Du er jo så sprek, seier dei til meg.

Kjenningar på Radiumhospitalet, der ho jobba i 36 år, meiner ho bør ta ein telefon dit for å få hjelp.

– Men eg vil ikkje nytte meg av det. Om det skal vere slik i samfunnet at det er aldersgrenser på kreftbehandling, så vil eg ikkje snike meg forbi andre i køen. Men eg kjenner det knyt seg i meg når eg høyrer alt snakket om at kreftkøen går ned og når det dukkar opp tiggarbrev frå kreftforeningen.

No er det fastlegen som føl henne vidare, og ho rosar han for jobben han gjer.

– Ein dag er vi vekke uansett, så eg lever berre kvar dag så godt eg kan. No gler eg meg berre til eg kjem meg på fjellet igjen, det er ei stund sidan sist no, smiler ho.

Fylkeslegen: regelstytt

Fylkeslege Per Stensland kan ikkje uttale seg om den konkrete saka til Else Birkeland, og uttaler seg difor generelt.

– I kreftbehandling er behandlinga ofte basert på retningslinjer for å sikre at like saker får lik behandling. Dette gir

grunnlag for evaluering og forsking. Desse retningslinjene tar mellom anna omsyn til kreftforma og kva utviklingsstadium den er på når pasienten får diagnosen. I tillegg kan alder vere eit tema av omsyn til pasienten. Dette er fordi hyppigheita av biverknadane av behandling aukar med aukande alder. Generelt sett er kreft mindre

hissig i høg alder enn hos unge.

Nytt system kan komme

– Else Birkeland etterlyser meir skjønn i slike saker, kva tenker du om det?

– Generelt sett har skjønn avgrensa plass i retningslinjene for kreftbehandling. Sidan det er slik, vil ein del pasientar ha vanskar med å slå seg til ro med

eit avslag. Det gjeld også yngre pasientar. Det som no er under vurdering, etter ønske og krav frå fleire, er å få til eit system der pasientar kan få moglegheit for ei individualisert vurdering, og ikkje berre den vanlege, regelstyrte vurderinga. Det er fleire fagfolk og politikarar som har argumentert for dette, seier Stensland.